



Statens vegvesen

Hordaland Fykeskommune

09 DES 2014

Hardanger Mc-klubb
v/Torstein L Aksnes
Steinsdalsvegen 83
5600 NORHEIMSUND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:
2013/007150-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.12.2014

Statens vegvesen sitt svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse - Tilbygg arbeidsrom og lager på Steinsdalsveien 83 - Fv. 7 - gnr. 11 bnr. 171 - Norheimsund - Kvam herad


Vi viser til dykkar søknad mottatt 31.10.2014 og gjev med dette dispensasjon frå byggjegrænsa ved fv. 7 hp 16 km 0,725. Dispensasjonen gjeld for tilbygg av arbeidsrom og lager med ein avstand på 18 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 11 bnr. 171 i Kvam herad.


Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar de har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggjegrænser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggjegrænsa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side. Vi vil påpeike at trafikkstøy kan vere til ulempe.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Vedtaket kan påklagast.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing


Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef


Hilde Gunn Stenseth

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Kvam herad
Hordaland fylkeskommune